

– Er du einsam eller har du det vanskeleg? Då er golfbanen ein god plass å vera

Nytt tilbod hos golfklubben har vakse til sju ganske ulike grupper.



Aron Frotveit Arnesen er FORE!-koordinator ved Bjørnefjorden Golfklubb.
(Foto: Kjetil Vasby Bruarøy)



KJETIL VASBY BRUARØY MANDAG 16. JAN. 2023 19:12

FORE! skal du ropa om det er sjanse for at golfballen du nett skaut kan treffa publikum eller ein annan spelar. FORE! er også namnet på eit nytt prosjekt hos Bjørnefjorden Golfklubb. I denne samanhengen står FORE for Folkehelse og ressursbygging.

– Då eg jobba for Kalandseid il hadde vi suksess med nokre tilpassa tilbod for både ungar og eldre. På ein golfbane er det minst like naturleg å ta imot alle typar folk, også eldre, einsame, kronisk sjuke og folk som har vanskar, seier Bjarte Wiberg.

– Ein golfbane er ein fin park, ein fin stad å spasera, og med grupper, klubbhus og kafé er det også sosialt.



Les òg Bjarte Wiberg blir dagleg leiar i Bjørnefjorden Golfklubb

Han byrja i jobben som dagleg leiar ved BJGK hausten 2019.

Målet var å starta FORE! våren 2020, men grunna pandemien kom det ikkje i gang før våren året etter.

Har sju grupper - og plass til fleire

Wiberg klarte å driva den nye gruppa med eksisterande bemanning, men då ein av dei tilsette gjekk til ein annan bransje, blei det for mykje å kombinera med dagleg leiar-oppgåvene.

– Eg var heldig som fekk Aron Frotveit Arnesen med meg. Han hadde vore innom i samanheng med andre jobbar før, som både støttekontakt og tilsett ved barneskule. Etter samtale med rektor fann vi ei løysing der vi deler 50/50 på å ha Arnesen i jobb.

– Det er eg glad for. Han er sjølvstendig og initiativrik, og passar godt til jobben.



(Arkivfoto: Kjetil Vasby Bruarøy)

Frå seinsommaren har Aron vore FORE!-koordinator ved Bjørnefjorden Golfklubb.

– Vi har no sju grupper i sving. Nyaste tilskot er ei gruppe for ukrainarar, men vi har også grupper for eldre, for kronisk sjuke og for rusavhengige.

5 av 7 grupper speler kvar veke.

– Nokre av gruppene har plass til fleire, vi har også plass til heilt nye grupper, fortel han.

Deltakarane i FORE! speler gratis og får både innføring og instruksjon.

– Nokre av gruppene er sjølvgåande, der for eksempel tilsette i kommunen, Nav eller ved institusjon er aktivitetsleiar, eller i ferd med å bli undervist av oss så dei kan leia gruppa si sjølv.

– Andre grupper tar vi oss av.

Ein god paraply

Då Wiberg byrja å brygga på FORE!-ideen var allereie LHL Os godt i gang som eiga gruppe.

– Eg såg korleis dei gjorde det, og eg blei kjent med golfforbundet sitt prosjekt «Golf Grønn Glede».

«Golf Grønn Glede er et tilrettelagt golftilbud hvor målet er å gi deltagerne mulighet til å være aktiv etter egne forutsetninger og ønsker, samtidig som det sosiale aspektet ivaretas. Golf Grønn Glede samarbeider med Foreningen Et Slag av Gangen» skriv golfforbundet.no.

– Ei anna foreining som har blitt viktig for FORE! er «Et slag av gangen». Dei samarbeider med Golf Grønn Glede, men er frittstående og søker om midlar dei kan dela ut til golfklubbar som har denne forma for tilbod.



Dagleg leiar Bjarte Wiberg er glad for at han har fått Aron med seg. (Foto: Kjetil Vasby Bruarøy)

«Foreningen Et slag av gangen er ideell og livssynsnøytral forening. Foreningen har som formål å søke midler og yte støtte til landets golfklubber som i tillegg til sin vanlige aktivitet, driver eller ønsker å drive aktivitetstilbud for sin målgruppe. Mennesker med rusavhengighet eller

psykisk syke, unge lovbyggere/rusmisbyggere, domfelte og løslatte, unge utenfor og minoriteter» skriv etslagavgangen.no.

– Saman med lokale sponsorar er støtta frå Et slag av gangen med på å sikra at vi kan driva FORE! frå år til år, og vi ser fram til at endå fleire skal få glede av dette.

– Nokre av deltakarane har allereie kome så godt i gang at dei har meldt seg inn i klubben, tatt grøntkort og går og speler på eiga hand. Men det viktigaste er at dei har glede av å vera her, anten det er med gruppa eller åleine.

Også utviklinga for resten av medlemsmassen er positiv.

– Vi har auka med rundt hundre medlemmar i året, og var i slutten av 2022 oppe i 770 medlemmar, fortel Wiberg.